

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 8. februar 2006, kl 0830 – kl 1600

Stad: SAS Atlantic Hotell, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	001/06 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	002/06 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 14.12.05
Sak	003/06 O	Administrerande direktør si orientering
Sak	004/06 B	Økonomirapport pr. 30. november 2005
Sak	005/06 B	Konsernbudsjett 2006
Sak	006/06 B	Budsjett for Helse Vest RHF 2006
Sak	007/06 B	Lånemidlar og investeringar 2006
Sak	008/06 B	Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Vest RHF 24. januar 2006
Sak	009/06 B	Bestillardokument 2006 - Helse Vest RHF
Sak	010/06 B	Styringsdokument 2006 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS
Sak	011/06 B	Val av kontrollkomitè
Sak	012/06 O	Internrevisjon i Helse Vest – orientering
Sak	013/06 B	Føringar for utveljing av styremedlemmer til styra i helseføretaka
Sak	014/06 B	Fokusområde 2006
Sak	015/06 B	Årleg melding for 2005 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest
Sak	016/06 B	Det regionale brukarutvalet - Dekning av reiseutgifter ved deltaking på møta til styret i Helse Vest RHF
Sak	017/06	Eventuelt

Deltakarar frå styret:	Oddvard Nilsen
	Kari Oftedal Lima
	Svein Andersen
	Reidun Korsvoll
	Gisle Handeland
	Ellen Solheim
	Magnar Lussand
	Gunnvor A Sunde
	Aslaug Husa
	Inger F. Hamborg
	Helge Espelid

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Rådgivar Torunn Nilsen (ref)

- **Presentasjon av Styret og Administrasjonen**

Møtet starta med presentasjon av styremedlemmer og administrasjon i Helse Vest RHF.

Sak 001/06 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

- Sak 009/06 B Bestillardokument 2006 – Helse Vest RHF:
Korrigert saksframlegg
- Sak 009/06 B Vedlegg – Brev frå HOD dagsett 03.02.06 – ”Korrigerings i bestillerdokument for 2006”
- Sak 016/06 B Dekning av reiseutgifter ved deltaking på møta i styret i Helse Vest RHF:
Korrigert saksframlegg
- Sak 013/06 B Føringar for utveljing av styremedlemmer til styra i helseforetaka:
3 vedlegg: -Utkast til brev til kommunar og fylkeskommunar
-Oversikt over styremedlemmer i HF-styra
-styrespak 047/03 B Fullmakt til å utøve eiermyndighet i foretaksmøter i helseforetak eigd av Helse Vest RHF
- Oppdatert program og deltakarliste til styresamling 9. februar
- Skriv og meldingar: Brev frå helsetilsynet i Hordaland, dagsett 01.02.06
”Tilsynssak – Mangelfull oppfølging av ansvaret for å skaffe til veie tvangsplasser for rusmiddelmissbrukere”

Styret ønskja at styresaker blir utsende så papirversjonen er tilgjengeleg for styremedlemmer ei veke før styremøtet.

Styret ønskja endringar i møteplan. Styremøte 15. mars blir flytta til 23. mars. Eventuelle andre endringar blir avtalte på eit seinare tidspunkt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 002/06 B **Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF
14.12.2005**

Kommentar:

Sak 100/05 Styret ønskjer ei orientering når styreleiar har avtalt administrerande direktør si løn for 2006.

Sak 123/05 Styret ønskjer at følgjande tema blir prioriterte til styreseminar i 2006: rolleforståing (styret), overordna strategi, utdanning og vidareutdanning, deltidsproblematikk, kvalitet, korridorpatientar og årsak til at dette er eit særnorsk fenomen, epikrisetid.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøtet 14. desember 2005. Protokollen vert sendt rundt til dei styremedlemmane som har gått ut for signatur.

Sak 003/06 O **Administrerande direktør si orientering**

1. Fokusområda 2005:

Gjennomsnittlig ventetid går ned, medan median ventetid er konstant.

Gjennomsnittleg ventetid pr. november 2005, er på 80 dagar.

Ventetida for barne- og ungdomspsykiatrisk behandling går opp, noko som gjev grunn til uro.

Ventetid for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp går ned, men det er framleis for liten forskjell i ventetid for pasientar i dei ulike prioriteringskategoriane i fleire av HFa.

På epikrisetid er det no ei god utvikling, der fleira av HFa ligg nær opp til 80%.

Helse Førde har gjort eit godt arbeid med å nå måla på epikrisetid, og styret ønskjer å vidareføre dette i dei andre helseføretaka.

Utviklinga i høve til korridorpatientar må følgjast tett vidare. Særleg i Bergen og Stavanger innan psykiatri, og på medisinsk avdeling i Fonna. Både langsiktige og kortsiktige tiltak må settast i verk.

2. Møteplan 2006

Det vart avtalt telefonstyremøte den 24 februar for å behandle årleg melding.

Styremøte 15. mars vart flytta til 23. mars.

Styremøte i juni må og flyttast, men endeleg dato vil bli avklart seinare.

3. Oppnådde resultat i 2005

Administrasjonen orienterte om resultat i 2005 i samsvar med utsendt notat. Dette vil det og bli fokus på i neste styremøte/styreopplæring.

4. Revisjon av overordna føretaksplan og langtidspan – Helse 2020

Administrasjonen orienterte om revisjon av føretaksplan og langtidspan

Styret ønskjer å vere tungt involvert i denne prosessen. Forslag til datoar for vidare arbeid blir lagt fram på neste styremøte i samband med handsaming av endeleg møteplan for 2006.

5. Handtering av lån - rentebinding

Administrasjonen orienterte om at om lag 800 millionar av Helse Vest si langsiktige gjeld no er bunde i 5 år med 3,92 % rente.

6. Val av utsendingar til KLP si generalforsamling våren 2006

Personalavdelinga i RHFet og i HFa har fungert som valstyre tidlegare år. Valstyret har fremma kandidatar etter å ha konferert med ADane i helseføretaka. Styret ønskja at tidlegare praksis vart vidareført og gav administrasjonen fullmakt til å finne kandidatar.

7. Orientering om relevante lovar og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til notat.

8. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 004/06 B Økonomirapport pr. 30. november 2005

Kommentar:

I møtet vart førebels rekneskap for 2005 lagd fram.

Helse Bergen HF har 25 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 15 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 22,9 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 29,2 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 0,5 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Vest IKT AS har 10,3 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett i første driftsår.

For føretaksgruppa viser dette eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på om lag 90 millionar kroner.

Korrigert for meiravskrivingar gjev årsprognosen for føretaksgruppa eit negativt avvik på 42,1 millionar kroner.

Styret var uroa over rekneskapstala frå Helse Bergen HF, og ønskja tett oppfølging vidare.

Det er etablert eit regionalt prosjekt med sikte på å vurdere forbruket av variabel løn og varekostnader i helseføretaka. Styret vil få nærare orientering om dette på neste styremøte.

Styret ønskja at administrasjonen utarbeider 3 notat med tilhøyrande lysark som kan nyttast til presentasjonar:

1. Notat om skeivdeling som omfattar dei historiske tala
2. Notat om resultat 2005 og budsjett 2006, med forklaring til tala
3. Notat korleis vi kan utnytte ledig kapasitet betre - moglege tiltak for å få pasientar til å nytte tilbod ved sjukehus i regionen med kortare ventetid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok økonomirapport pr 30. november 2005 til etterretning.

Sak 005/06 B Konsernbudsjett 2006

Kommentar:

Helse Vest la i førre møte under sak 114/05 B fram forslag til inntektsfordeling 2006 og førebels resultatkrav 2006.

Helseføretaka har med basis i vedtatt inntektsramme for 2006 samt førebels resultatkrav behandla sine budsjett i respektive styrer. Budsjetta for 2006 for det enkelte helseføretak er fastsett i tråd med vedtaket under sak 114/05 B. Denne saka omhandlar konsernbudsjettet for føretaksgruppa Helse Vest, som igjen bygger på budsjettvedtaka i helseføretaka. I tillegg blir det foreslått ei omfordeling av inntektsramma som følgje av intern laboratorieteneste slik at ein slepp internfakturering mellom helseføretaka. Saka tar også for seg ei korreksjon for interne gjestepasientstraumar som påverkar tildelinga til Helse Stavanger og Helse Fonna.

Helse Vest har i etterkant av vedtak om inntektsfordeling 2006 til helseføretaka mottatt bestilling 2006 frå eigar. Det blir her understreka at produksjonen for 2006 skal vidareførast på om lag same høge nivå som i 2006. Det er i budsjettet for 2006 lagt inn ei føresetnad om kodevekst på 1 %. Det er derfor gitt aksept for ein auke i DRG poeng som tilsvarar 1 % vekst jamført mot 2005. Ein vekst ut over dette nivået kan føre til bruk av basisløyvinga som ikkje er i tråd med krava til faglege prioriteringar og rekneskapsmessig balanse i 2006.

Vedtak (samrøystes):

1. Konsernbudsjett 2006 for føretaksgruppa Helse Vest vart vedtatt med følgjande resultatkrav for føretaka:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

2. I inntektsramma som blei vedtatt under sak 114/05 B blir det gjort ei omfordeling som tilsvarar kostnadane knytt til intern laboratorieteneste levert frå Helse Bergen til dei andre helseføretaka. I tillegg blir det gjort ein korreksjon for

interne gjestepasientstraumar mellom Helse Stavanger og Helse Fonna. For sist nemnde korreksjon er det og gjort ei omfordeling av resultatkravet. Desse forholda gjer følgjande justerte inntektsramme for 2006:

Fordeling av inntektsrammen 2006 i Helse Vest

Inntektsfordeling 2006 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsattsstyrt finansiering	700 190	364 348	1 065 981	279 069		2 409 589
ISF pasienter behandla i andre regionar	48 818	14 113	24 270	15 419		102 619
ISF pasienter behandla for andre regionar	-14 732	-2 226	-41 667	-5 678		-64 303
SUM ISF	734 275	376 236	1 048 584	288 810		2 447 905
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 283 501	2 283 501
Basis somatikk	617 057	327 110	574 750	253 684		1 772 601
Basis somatikk fordelt etter produksjon	349 872	192 569	604 825	139 446		1 286 713
Kostnadskomponent, somatikk	181 318	104 223	515 578	76 713		877 831
Basis psykiatri	505 036	336 739	661 387	220 284		1 723 446
Kostnadskomponent, psykiatri			28 600			28 600
Ambulanse	60 650	69 083	152 295	91 901		373 929
Stukturtilskot		23 218	18 324	44 095		85 637
Tilskudd til landsfunksjonar			36 200			36 200
Internt gjestepasientoppgjør	-36 280	-83 271	174 737	-55 185		0
Fordelt kapitaltilskot	184 659	103 231	301 857	76 471		666 218
Sum fordelt etter modell	2 596 586	1 449 139	4 117 136	1 136 219	2 283 501	11 582 581
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	17 043	5 944	-8 699	4 870		19 158
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	5 622	3 370	7 898	2 268		19 158
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 619 251	1 458 453	4 116 336	1 143 357	2 283 501	11 620 897
Fordeling utanfor inntektsmodell:						
Tilskudd i basisrammen						-
Poliklinikk overført basisramme						-
Halvering lab/røntgen satsar	41 115	14 446	73 668	13 042		142 271
Kreftplan	7 112	1 087	9 401	2 580		20 180
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	9 791	486	28 815		39 092
Kompensasjon for el-avgift	4 879	5 249	10 550	2 830		23 508
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 364	-5 447	13 666	-3 855		-
Særskilte tildelingar						
"Mor og Barn" prosjekt	426					426
Øremerket tilskudd						-
Opptrappingsplan psykiatri 2004	4 182	2 498	4 952	2 761		14 393
Opptrappingsplan psykiatri 2005	10 715	9 174	17 498	9 153		46 540
Tilskot til utdanning	10 762	5 385	92 477	4 077		112 701
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 760		2 129			3 889
Regionale komp.sentre- kreftplan			17 314			17 314
Nasjonale med. komp. Sentre			26 141			26 141
Syketransport	51 357	47 945	97 657	96 901		293 861
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 705					3 705
Tilskudd til psykososialt arbeid flyktingar			3 036			3 036
Insulinpumper	2 608	1 538	4 576	832		9 554
Dyrare legemiddel	844	464	1 453	358		3 120
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	4 877					4 877
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			9 700			9 700
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF	2 759 231	1 550 582	4 501 041	1 300 850	2 283 501	12 395 206
Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følgje av eksternt gjestepasientoppgjør:						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør	-97 635	-28 226	-48 540	-30 837		-205 238
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	29 464	4 451	83 335	11 356		128 606
Kostnad kjøp av kurdøgnplassar	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894		-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 686 365	1 523 993	4 529 240	1 279 475	2 283 501	12 302 573

3. Styret er innforstått med at aktivitetskrav, budsjetttramme og krav til balanse i løpet av 2006 gir utfordringer for HFa. Styret vil difor i 2006 ha eit særleg fokus på kvalitet og på forholda for dei tilsette.

Sak 006/06 B Budsjett for Helse Vest RHF 2006

Kommentar:

Styret i Helse Vest RHF vedtok under sak 114/05 inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHFet på kr 73,7 mill. Følgjande budsjettforslag er lagt fram i saka::

	2005	2006	Vekst 05-06
(50) Lønn til ansatte	14 927	18 407	3 480
(51) Lønn til ansatte	1 791	2 209	418
(52) Fordel i arbeidsforhold	287	250	-37
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	938	1 098	160
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	4 881	6 263	1 382
(55) Annen kostnads godtgjørelse	100	400	300
(56) Kompetanse og rekruttering	2 455	2 740	285
(59) Annen personalkostnad	658	680	23
Sum lønns- og personalkostnader	26 037	32 046	6 009
(60) Av- og nedskrivning	3 000	3 225	225
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	1 406	3 250	1 844
(64) Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	90	120	30
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	500	250	-250
(67) Eksterne tjenester	23 009	24 835	1 826
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	954	1 504	550
(69) Telefon, porto o.l.	1 100	1 925	825
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	3 636	3 410	-226
(73) Salgs- og reklamekostnad	2 135	1 480	-655
(74) Kontingent og gaver	30	25	-5
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	85		-85
(76) Lisens -og patentkostnad	1 615	1 500	-115
(77) Annen kostnad	1 520	1 350	-170
Sum annen driftskostnad av-og nedskrivning	39 080	42 874	3 795
(80) Finansinntekt		-1 215	-1 215
Sum finansposter		-1 215	-1 215
Resultat	65 117	73 705	8 588

I budsjettet er følgjande stillingar lagt inn:

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	3 årsverk
Fagavdelinga	10,2 årsverk (2 ubesette)
Sekretariat	4 årsverk
Økonomi- og finansavdelinga	9 årsverk (1 ubesett)
Personal- og organisasjonsutvikling	2 årsverk
Eigaravdelinga	6 årsverk (2 ubesette)
Administrerande direktør	1 årsverk
Sum	35,2 årsverk

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok budsjett 2006 for Helse Vest RHF administrasjon

Sak 007/06 B Lånemidler og investeringar 2006

Kommentar:

Helse Vest har i perioden 2002 til 2005 tatt opp lån på til saman kr 1,116 mrd til investeringar. I 2006 har Helse Vest fått tildelt ei låneramme på kr 550 mill til investeringsføremål. Låneramma blir fastsett årleg gjennom statsbudsjettet og det vil derfor alltid vere usikkerheit i høve til kor stort lån ein kan påregne i dei komande åra. Samtidig skal det understrekast at Helse Vest dei siste åra no har fått ei auke i låneramma, kor utviklinga har vore som følgjer:

- 2002	kr	184 mill
- 2003	kr	282 mill
- 2004	kr	200 mill
- 2005	kr	450 mill (350 mill pluss 100 mill)
- 2006	kr	550 mill

Dette må kunne sjåast på som ei prioritering frå HOD sin side med tanke på gjennomføring av Helse Vest sitt investeringsbehov.

Ved tildeling av lån for 2006 vil administrerande direktør tilrå at investeringar i psykiatriplan blir prioritert slik at ein sikrar det finansielle grunnlaget til å gjennomføre opptrappingsplanen innan utgangen av 2007. Vidare blir dei store byggeprosjekta i Helse Stavanger (MOBA) og Helse Bergen (nytt lab bygg) prioritert slik at ein sikrar det finansielle grunnlaget i 2006 for desse prosjekta. Låneramma for 2006 vil saman med avskrivingsmidlane sette helseføretaka i stand til å gjennomføre sine investeringsplanar i 2006.

Vedtak (samrøystes):

1.Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Ufordelt	SUM
Førebels lånetilsegn 2006	150 000	31 000	200 000	31 000	138 000	550 000

Herav:

- Nytt DPS Sola	50 000					
- MOBA	100 000					
- Psykiatriprosjekt		20 000	20 000			
- Nytt labbygg			120 000			

2. Den ufordelte låneramme på kr 138 mill blir fordelt i eit seinare møte. Lånet skal om naudsynt prioriterast til MOBA og nytt lab bygg. I tillegg skal det gjerast ei vurdering på lånebehovet i Apoteka Vest og Helse Vest IKT AS:

Sak 008/06 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 24. januar 2006

Kommentar

Tysdag 24. januar 2006, vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF.

Vedtak :

Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Vest RHF 24.januar 2006 vart tatt til etterretning.

Sak 009/06 B Bestillardokument 2006 – Helse Vest RHF

Kommentar:

Bestillardokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF vart tilgjengeleg 9.januar 2006.

Dokumentet er eit ledd i dei styringsmessige krava frå departementet til dei regionale helseføretaka. Gjennom dei ressursane som blir stilte til rådvelde gjennom dette dokumentet, skal dei regionale helseføretaka sørgje for å realisere styringskrava som er stilte i dette dokumentet. Bestillardokumentet er eigar si helsefaglege bestilling til spesialisthelsetenesta.

Ved brev av 3. februar 2006 har departementet mellom anna gjort Helse Vest merksam på at to setningar ved ein inkurie har falt ut av bestillardokumentet for 2006. Formuleringa synliggjør ein overordna prioritering innanfor psykiatri og har følgjande ordlyd:

”I budsjettrammene for investeringar er det tatt høgde for behovet av å etablere et nytt DPS Stavanger. Departementet forutset at DPS Stavanger realiseres innenfor de rammene Helse Vest trekker opp.”

Vedtak (samrøystes):

Bestillardokument 2006 med presiseringar i brev av 3. februar 2006 vart tatt til etterretning.

Sak 010/06 B Styringsdokument 2006 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Kommentar:

HOD har presentert sine krav som eigar i protokoll frå føretaksmøtet.

I bestillardokumentet er det formulert krav til ”sørgje for” ansvaret. Helse Vest overleverer også i 2006 eit samla styringsdokument til HFa og Helse Vest IKT AS som omfattar både eigarstyring og bestilling.

I styringsdokumentet blir det stilt krav til helseføretaka og Helse Vest IKT når det gjeld prioritering, aktivitetsnivå, kvalitet på tenestene og økonomiske resultatkrav, bl.a. med bakgrunn i nasjonale krav til Helse Vest RHF, jf bestillardokumentet til Helse Vest RHF og protokoll frå føretaksmøtet.

Styret gav sin tilslutning til styringsdokumenta i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06, med følgjande endringar:

- Pkt 4.3.2 andre underpunkt:

Tenestekontraktar må innehalda klausul som hindrar sosial dumping av arbeidskraft. ILO-konvensjon nr. 94 om arbeidsklausular i offentlege arbeidskontraktar gjeld løns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarar som utfører oppdrag for statlege myndigheitar, og har som formål å sikre like arbeidsvilkår uavhengig av nasjonalitet. Når kontraktar blir inngått skal helseføretaket ivareta dei prinsipp som går fram av ILO-konvensjonen nr. 94 (jf. Også rundskriv 2/2005 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet). Dette inneber at leverandørar skal sikre at tilsette i eigen organisasjon og eventuelle underleverandørar, ikkje skal ha dårlegare løns- og arbeidsforhold enn det som følgjer av tariffavtaler, regulativ eller det som er normalt på staden og for det aktuelle yrke. Dette gjeld berre tilsette som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten.

- Pkt 4.2.2 første underpunkt:

MOT-prosjektet

Samhandling mellom einingar (postar, avdelingar, klinikkar) med målsetjing om å nytte dei samla ressursane som tilsette representerer, skal vere eit fokusområde. MOT-prosjektet vil mellom anna gi viktig tilnærming til betre samhandling som kan medverke til reduserte uttak av meirarbeid, overtid og bruk av deltid som ikkje er ønskeleg. Leiinga i helseføretaka må i nært samarbeid med dei tilsette arbeide aktivt for å gjennomføre strategiar og tiltak som MOT-prosjektet tilrettelegg for.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Helse Førde HF i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Helse Bergen HF i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Helse Fonna HF i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Apoteka Vest HF i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2006 til Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget dagsett 08.02.06

Sak 011/06 B

Val av kontrollkomité

Kommentar:

Styret handsama sak 54/05 Etablering av internrevisjon og oppretting av kontrollkomité i Helse Vest den 27. mai 2005. Etter utnemning av nytt styre i føretaksmøtet i juni 2005 var det i sak 75/2005 Val av kontrollkomité og budsjett for internrevisjon 2005 valde nye medlemmer til kontrollkomiteen den 6. september 2005.

Som kontrollkomité vart Svein Andersen, Bente Moen og Per Hanasand valt med Svein Andersen som leiar. Ettersom Bente Moen og Per Hanasand ikkje er med i styret lenger, er det behov for suppleringsval til kontrollkomiteen.

Representantar til kontrollkomiteen kan no veljast av alle medlemmer i styret og ikkje berre dei eigaroppnemnde representantane.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest oppretter kontrollkomité for føretaksgruppa som består av tre styremedlemmer.

Svein Andersen, leiar
Reidun Korsvoll, medlem
Helge Espelid, medlem

Sak 012/06 O Internrevisjon i Helse Vest - orientering

Kommentar:

Internrevisor, Gunnar Hoff orienterte om arbeidet med internrevisjon, risikokartlegging og revisjonsplan.

Styresak om justering av instruks for kontrollkomiteen vil bli lagt fram på neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Orientering om internrevisjon og risikokartlegging i Helse Vest vert tatt til etterretning.

Sak 013/06 B Føringar for utveljing av styremedlemmer til styra i helseføretaka

Kommentar:

Med bakgrunn i protokoll frå føretaksmøte for Helse Vest RHF 24.januar, skal det no gjennomførast ei tilpassing i helseføretaka sine styre. Eit fleirtal av eigaroppnemnde styremedlemmer skal oppnemnast blant noverande eller tidlegare folkevalde på kommune og fylkesnivå. For styra for helseføretaka i Helse Vest, legg føretaksmøtet til grunn at nye styrer med folkevald fleirtal skal vere utnemnde seinast innan 1. mai 2006.

Dei nye HF-styra vil i hovudsak få sju eigaroppnemnde styremedlemmer, av desse skal fire utnemnast av dei føreslådde folkevalde.

Kommunar og fylkeskommunar vil no bli inviterte til å føreslå styremedlemmar blant både noverande og tidlegare folkevalde. Gjennomføring av forslagsprosess og styresamansetting må gjerast som omtala i vedlegg til protokoll frå føretaksmøte 24. januar - retningslinjer for forslagsprosess og ny styresamansetting i helseføretak (vedlagt). Ein tek sikte på å oppnemne dei nye styra i føretaksmøte den 6. april 2006.

Helseføretakslova byggjer på ein føresetnad om at styret i helseføretaka skal vere eit kollegialt organ kor dei eigaroppnemnde styremedlemmene ikkje representerar nokon bestemte grupper eller interesser. Lova er vidare bygd på ein føresetnad om at styra blir sett saman på ein slik måte at dei har legitimitet i befolkninga, og at styret til saman innehar den naudsynte kompetanse til å ivareta det oppdrag og det ansvar styret er pålagt gjennom lovgiving og av eigar. I retningslinjene frå departementet er

det presisert at ny styresamansetting ikkje skal vere basert på nokon form for representativitet, men i og med partipolitisk tilknytning er eit av dei områda ein skal kategorisere dei føreslådde kandidatane etter, må ein anta at det er ønskjeleg med ein viss partipolitisk spredning.

Lova inneheld ingen nærare kvalifikasjonskrav til styre si samansetting, men det er likevel rimeleg klart at føretaksmøtet vil vere forplikta til å sørgje for at styra får ei samansetting av personar som til saman har den breie kompetanse og evne til å leie føretaket som er naudsynt.

Viktige moment ved oppnemning av eit styre vil vere:

- tilstrekkelig samansatt kompetanse
- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- tid til å utføre styrevervet
- naturleg tilknytning til regionen

Oversikt over kandidatar som er føreslådd og forslag til styresamansetting vil bli sendt ut til styret i forkant av styremøtet i mars. Endeleg godkjenning av styresamansetting vil bli på styremøtet i mars.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest sender ut invitasjon til kommunar og fylkeskommunar til å fremme forslag til kandidatar til styra i helseføretaka i tråd med føringar i vedlegg til protokoll for føretaksmøte i Helse Vest RHF 24. januar 2006.
2. Fristen for å melde inn forslag blir sett til 1. mars
3. Vurderingane i dette saksførelegget blir lagt til grunn for samansetting av dei nye styra i helseføretaka

Sak 014/06 B Fokusområde 2006

Kommentar:

Formålet med fokusområde er å løfte fram og ha særskilt merksemd på nokre område eller indikatorar innan tenesta. Rapportering på områda vil gjere det mogleg med ei styringsmessig oppfølging. Å rette fokus på områda kan styrke graden av måloppnåing.

Fokusområda må spegle viktige helsepolitiske mål.

Følgjande fokusområde er føreslådd for 2006:

Fagområde	Indikator	Rapporteringsintervall
Psykisk helsevern for barn og unge	Ventetid for barn og unge, etter prioriteringsstatus	Månadleg
	Ventetid for vurdering	Skal greiast ut
	Dekningsgrad	Årleg

	Diagnostisering	Tertial
Psykisk helsevern	Epikrisetid	Månadleg
	Ventetid, etter prioriteringsstatus	Månadleg
	Korridorpatientar	Månadleg
	Prosentdel med rett til nødvendig helsehjelp	Månadleg
Tverrfagleg behandling av rusmiddelmissbrukarar	Epikrisetid	Tertial
	Ventetid*	Tertial
	Prosentdel med rett til nødvendig helsehjelp*	Tertial
Somatikk	Epikrisetid	Månadleg
	Ventetid, etter prioriteringsstatus	Månadleg
	Korridorpatientar	Månadleg
	Prosentdel med rett til nødvendig helsehjelp	Månadleg
Økonomi	Balanse 2006	Månadleg
	Sjukefråver	Månadleg
	Månadsverk	Månadleg

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok fokusområde for 2006 i tråd med forslaga i saksframlegget.
2. Det skal vere gjennomgåande rapportering på fokusområda i alle føretak i Helse Vest etter rapporteringsintervall som vist i tabellen over (pkt 3. oppsummering).

Sak 015/06 B Årleg melding for 2005 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest

Kommentar:

Det regionale brukarutvalet har utarbeidd årleg melding for 2005.

Utvalet har m.a. hatt fokus på følgjande saksområde i 2005:

- Individuell Plan
- Rehabilitering og habilitering
- Lærings- og meistringssentra, mellom anna erfaringane med disse
- Rapport om høgspesialiserte tenester i Helseregion Vest – høyring
- Opptreningstilbodet i Helseregion Vest – høyring
- Regional kreftplan- høyring
- Nytt inntektssystem i Helse Vest – høyring
- Samarbeid og samhandling mellom helseføretaka når det gjeld ambulansetenestene
- Regional rusplan

Det regionale brukarutvalet har særleg merka seg at det i 2005 er satt i gang eit bredt og omfattande arbeid innanfor rehabiliterings – og habiliteringstenestene. Utvalet merker seg at brukarane i stor grad er tatt med i arbeidet

Utvalet opplever ei positiv utvikling og ser fram til nye utfordringar i 2006.

Vedtak (samrøystes):

Årleg melding for 2005 frå det regionale brukarutvalet vart tatt til orientering.

Sak 016/06 B Det regionale brukarutvalet – Dekning av reiseutgifter ved deltaking på møta til styret i Helse Vest RHF

Kommentar:

Det regionale brukarutvalet ønskjer at ein representant frå utvalet kan vere til stades på møta til styret i Helse Vest utan at dette får økonomiske konsekvensar for det einskilte medlem.

Styret vil alltid vere open for dialog med brukarane, og ønskjer og å vidareføre gjeldande praksis med årleg presentasjon av brukarutvalet på styremøte.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest legg til rette for at eit medlem av det regionale brukarutvalet kan vere til stades på styremøta gjennom å dekke reiseutgifter for vedkommande. Det blir overført midlar til brukarutvalet sin disposisjon.
2. Tilsvarande ordning skal innførast for helseføretaka i Helse Vest.

Sak 017/06 Eventuelt

Kompetanseoverføring i helseføretaka

Styret ønskjer fokus på kompetanse og kompetanseutviklingsplanar i helseføretaka.

Retningslinjer for kosmetiske operasjonar av mindreårige

Styret ønskja retningslinjer for kosmetisk kirurgi på mindreårige. Den type kosmetisk kirurgi eksisterer ikkje i våre helseføretak. Helse Vest har heller ikkje avtaler med private på kjøp av kosmetisk kirurgi.

Behandlingstilbod for personar med dobbeldiagnose rus/psykiatri

Styremedlemmer har fått kopi av brev frå pårørande til ungdom med dobbeldiagnose. Brevet vil bli følgt opp vidare av administrasjonen.

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Høyringsnotat frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 22.11.05 – ”Høyringsnotat – krav om politiattest for helsepersonell og sosialpersonell”
- Tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet til Helse Bergen HF, dagsett 16.12.05 – ”Helse Bergen HF – Tilsynsrapport – Varsel om pålegg”
- Brev frå FFO-Vest, dagsett 02.01.06 - ”Brukerkompetanse inn i styrene”
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Fonna HF, dagsett 03.01.06 – ”Utleige av ledig kapasitet på operasjonsstovene ved Stord sjukehus”
- Høyring frå Helse Vest RHF til Det kongelige utdannings- og forskningsdepartement, dagsett 05.01.06 – ”Høyring – Forslag til endringar i opplæringslova – Opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar”

- Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 06.01.06 – ”Belegg ved korttidsavdelingane – Sandviken”
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 12.01.06 – ”Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Folgefonn DPS, Vaksenpsykiatrisk poliklinikk Odda”
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 19.01.06 – ”Ortopedi ved Lærdal sjukehus”
- Notat til HOD frå Helse Vest RHF, dagsett 19.01.06 – ”Ortopedi ved Lærdal sjukehus”
- Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 23.01.06 – ”Ortopedi ved Lærdal sjukehus”
- Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde, dagsett 24.01.06 – ”Tilsynssak – Prioritering av pasientar ved Ortopediklinikken i Lærdal”

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev frå helsetilsynet i Hordaland, dagsett 01.02.06 ”Tilsynssak – Mangelfull oppfølging av ansvaret for å skaffe til veie tvangsplasser for rusmiddelmissbrukere”

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 8. februar 2006

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Inger F. Hamborg

Helge Espelid